

# Reglement for vigslar i Gol kommune

Reglementet er vedteke av kommunestyret 21.november 2017.

1. **Vigselsmynde i Gol kommune**

Vigslar utførast av ordførar eller varaordførar men om naudsynt grunna fråver, kan vigslar også utførast av eit formannskapsmedlem. Vedkomande utpeikast i byrjinga av valperioden.

2. **Kven kan bli vigsla i Gol kommune**

Både busette i Gol og utanbygds kan bli vigsla.

3. **Stad for vigslar**

Gol kommune tilbyr vigsel på kommunehuset. Lokalet er kommunestyresalen. Vigselen kan finne stad på annan stad, men dette skal på førehand vere godkjent av vigslaren.

4. **Tidspunkt for vigslar**

Gol kommune opnar for vigsel ein dag pr. månad, primært på vekedagar innanfor kommunen si normalarbeidstid. I månader med stor pågang (mai-august) kan dette aukast til to dagar. Ordførar fastset dagar for vigsel for eit kalenderår om gongen men har sjølv mynde til å gjere endringar i planen.

5. **Rammer for vigslar**

Gol kommune har berre ansvar for sjølve vigselsritualet. Pynt, dekorasjonar, musikk eller andre kunstneriske innslag må organiserast av brureparet.

6. **Kostnadar knytta til vigselen**

Sjølve vigselen og nytting av kommunen sine lokale på kommunehuset er gratis. Om brureparet ynskjer å nytte andre lokale, må dei sjølv bestille og dekke kostnadane. Kostnadar til pynt og dekorasjonar må dekkast av brureparet. Det same gjeld musikk eller andre kunstneriske innslag. Om brureparet ynskjer å vigslast utanfor kommunen sine grenser, men at vigslaren skal vere frå Gol kommune, må dette organiserast av brureparet sjølv. Dei må også dekke reiseutgifter for vigslaren og andre meirutgifter dette medfører for kommunen.

7. **Rutine for gjennomføring av vigslar**

Rådmannen har mynde til å fastsetje rutiner for administrative oppgåver knytta til vigslar.

8. **Informasjon om reglement og rutiner**

Reglement og rutiner for vigslar skal kunngjerast på heimesidene til kommunen.